

Gudsteneste på Skorpo 1. august

21.07.2010



**Den tradisjonelle sommargudstenesta på Skorpo vert halde noko seinare i år enn det som har vore vanleg - den vert avvikla sundag 1. august. Som i fjar er det sokneprest Sven Harald Nilsen som skal ha den.**

Om messa blir inne i løa på Søre Skorpevågen eller i Guds frie natur er det veret som avgjer. I fjar preika presten i skuggen av eit morelletre (biletet).

Det går båt frå Sandakaien klokka 14 og messa startar ein time etterpå.

Tormod Myklebust i soknerådet opplyser at det dette året ikkje bli noko supplerande arrangement på Skorpo denne dagen, slik det har vore einskilde år før.

I tilfelle messa blir utomhus er det lurt å ta med sitteunderlag.

Det er servering av kaffe etterpå og difor bør ein også ta med mat.

(Foto: Ola Matti Mathisen)